

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.

**Tema: Tilpassa opplæring for alle;
korleis jobbar ein målretta og
systematisk med dette på Hauso
skule**



Kriterium	Teikn på god kvalitet
Skulen har rutinar/system for tilpassa undervisning	<ul style="list-style-type: none">- skulen har definert kva som ligg i omgrepet tilpassa opplæring.- leiinga legg til rette for samarbeid i den arbeidsplanfesta tida.- det er lagt til rette for kunnskapsdeling/metodedrøfting- den tilpassa opplæringa føregår i hovudsak i klassefellesskapet- personalet er opne for endringar som nye planar og føreskrifter krev.- skulen vurderer jamleg verksemda si- skulen har system for kartlegging og oppfølging av denne.- skulen har system for arkivering av testresultat og vurderingsdokument.- skulen arbeider systematisk med undervegsvurdering.
Personalet har kompetanse og felles elevsyn som grunnlag for arbeidet med tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none">- lærarane (reflekterer og) drøftar elevsyn- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i- lærarane har felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og undervegsvurdering- personalet drøftar korleis ein kan gje kvar einskild elev mogelegheiter til å nytta og utvikla sine evner- lærarane har godt innarbeidd system for undervegssamtalar og planlagde elevsamtalar- lærarane nyttar varierte arbeidsmåtar for å tilpassa undervisninga.- lærarane tek jamleg i bruk digitale verktøy i den tilpassa opplæringa

<p>Elevane er aktive i læringsprosessen</p>	<ul style="list-style-type: none"> - eleven er aktiv og tek medansvar i læringsprosessen - eigenvurdering er ein integrert del av lærings- og undervisningsprosessen - læringsmåla er kjende for eleven, lærarane og dei føresette - eleven får undervegsvurdering, med både tilbakemelding og framovermelding i høve til kompetansemåla - elevane kan formulere eigne mål, og vurdere eiga måloppnåing - elevsamtalen blir aktivt brukt for å gje kvar elev tilpassa opplæring - elevane arbeider med varierte arbeidsmåtar og individuelt tilpassa oppgåver
<p>Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring</p>	<ul style="list-style-type: none"> - dei føresette er kjende med kva skulen legg i tilpassa opplæring - dei føresette veit korleis skulen praktiserer tilpassa opplæring - dei føresette kjenner læringsmåla, og blir gjort kjende med grad av måloppnåing - dei føresette og eleven møter førebudde til konferansetimen